



Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Ing. K. Dømbe

Fanaveien 221 C
5239 RÅDAL

Dykkar ref.

Vår ref.

2012/1008 - 0 -
27702/2012

Arkivkode:

212/68

Sakshandsamar:

Benjamin Hicks

Telefon

56375000

Dato:

21.11.2012

Manglar i søknad om løyve til tiltak/Eitt-trinn/dispensasjon - gbnr 212/68 Eikanger øvre - Fasade- og bruksendring

Vi viser til Dykkar søknad motteke her 18.05.2012. Det er i søknaden lagt til grunn at det er kommuneplanen av 2003 som gjeld. Det er kommuneplanen av 2011 som skal leggst til grunn for denne søknaden. Tiltaket skal vidare handsamast etter ny plan- og bygningslov.

Før søknaden kan handsamast, må følgjande avklarast:

1. Søknaden om dispensasjon er ikkje grunnitt. Det må spesifiserast kva for reglar og tilhøve det vert søkt om dispensasjon frå.
 - Etter det vi kan førebels sjå, er omsøkte tiltak i strid med byggegrensa mot sjø (pkt 1.10), krav om reguleringsplan (pkt. 1.1) og plan- og bygningslova § 29-4 (2) (avstand nabogrense).
2. Bygget som er søkt bruksendra er markert på innsendt situasjonskart (markert feil bygg?). Bygget ligg nærmare enn 4 meter til nabogrensa. Det ligg ikkje føre naudsynte erklæringar frå eigar av naboeigedomen frå avstand til nabogrensa. Det kan ev. verte sendt inn søknad om dispensasjon som nemnd overfor.
3. Det er motteken merknad får varsla nabo. Kommunen ber at det vert dokumentert at eigedomen, bnr. 68, har vegrett.
4. Det må dokumenterast at krava til biloppstillingsplassar er stetta (pkt. 1.15 og 1.16)
5. Gjennomføringsplanen er ikkje i samsvar med innsendte søknader om ansvarsrettar. Det er mellom anna avvik når det gjeld føretak, organisasjonsnummer og ansvarsområde. Oppdatert versjon må sendast inn.
6. Søknad om ansvarsrett frå Byggmester Nils N. Solend har følgjande manglar:
 - Det manglar naudsynt erklæring med omsyn til oppstart av arbeid.
 - Vedlegg til søknad om ansvarsrett har fleire manglar
7. Det er ikkje sendt inn ansvarsrett for røyrleggararbeid.
8. Det ligg ikkje føre samtykkje frå andre styresmakter.
 - Det ligg ikkje føre godkjenning frå vegstyresmaktene for utvida bruk av eksisterande avkøyrsløp.
 - Det ligg ikkje føre løyve for innlegging av vatn i denne bygningen.
 - Det ligg ikkje føre godkjenning frå forureiningsstyresmaktene for nytt utslepp.



Søknaden er ikkje fullstendig i samsvar med pbl. § 20-1 og byggesak kapittel 5. Overnemnde manglar er til hinder for at kommunen kan ta standpunkt til om vilkåra for gi løyve er stetta. Dette må rettast før kommunen kan fatte vedtak i saka.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ endra av kommunestyret den 08.12.2011. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C5.2.a5 (§ 20-1tiltak).	Gebyr
Avvist eller mangelfull sak (middels)	2.000

SUM	2.000
------------	--------------

Fristar.

Vi gjer merksam på at inntil manglane er ordna, vert saka lagt i ventearkiv. Det vert her gjeve 4 vekers frist for retting av manglar. Viss manglane ikkje er retta innafor fristen, *kan* saka verte sendt i retur og avslutta utan vidare varsel. Byggearbeida kan ikkje setjast i gang før det er gitt skriftleg løyve frå kommunen.

Med helsing

Einar Urheim
fagleiar byggesak

Benjamin Hicks
rådgjevar

Kopi til:

Tor Lien Kalfarveien 35 i 5018 BERGEN